



Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 09.02.2017
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 18.00 - 20.45

Orientering: Sivilingeniør Helge Hopen orienterer i sak (05/2017) om samferdselsutfordringer i Radøy kommune

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|----------------------------------|-------|--------|
| Jon Askeland | SP | Medlem |
| Jostein Borlaug | AP | Medlem |
| Kirsti Gjetle Floen | AP | Medlem |
| Morgan Taule | AP | Medlem |
| Torill Helland | AP | Medlem |
| Kenneth Taule Murberg | H | Medlem |
| Christel Villanger Håland | H | Medlem |
| Vidar Grindheim | H | Medlem |
| Normann Sæbø | H | Medlem |
| Henning Haugland | H | Medlem |
| Roy Bø | FRP | Medlem |
| Wenche Linda Kalnes Tveranger | FRP | Medlem |
| Dag Sætre | SP | Medlem |
| Anne Berit Bø Palmesen | SP | Medlem |
| Sara Hamre Sekkingstad | SP | Medlem |
| Leif Gunnar Taule | SP | Medlem |
| Martin Soltveit | SP | Medlem |
| Laila Seilfaldet Pletten | SP | Medlem |
| May Britt Vågenes Gjerde | SP | Medlem |
| Ståle Villanger | V | Medlem |
| Agnes Hoshovde Bernes | V | Medlem |
| David Pletten Aasgard | KRF | Medlem |
| Else Marie Skartveit Dale | KRF | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---------------------------|-------|--------|
| Liv Berit Rath | AP | Medlem |
| Silje Namtvedt | SP | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem |
|---------------------------------|--------------|-------------------------|
| Elin Morken | SP | Silje Namtvedt - SP |

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, møtesekretær Arthur Kleiveland

Sivilingeniør Helge Hopen gav kommunestyret ei orientering i sak 05/2017

Det møtte 24 av 25 representantar i kommunestyret.

Saksliste

| Saksnr | Tittel |
|---------------|---------------|
|---------------|---------------|

001/2017 Meldingar og referatsaker

002/2017 Val av valstyret for perioden 2017-2019

003/2017 Servering- og salssløyve for Sjappen as 2017-2020

004/2017 Disponering av fondsmidlar - årets nynorskkommune

005/2017 Drøftingssak - aktuelle samferdsleutfordringar Radøy kommune

006/2017 Framføring av kommunalt vatn til Lilletveit

007/2017 Endring av reglement for byggenemnd

008/2017 Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Radøy kommune - godkjenning

001/2017: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Leif Taule (SP) etterlyste meir informative saksdokument til førebunde fellesnemnd, og ser det som viktig å få informasjon ut til innbyggjarane og politikarane.

Ordføraren viste til at dette no blir ei god løysing på, med prosjektleiar-ressurs og ressurs på kommunikasjon på plass i løpet av kort tid.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

002/2017: Val av valstyret for perioden 2017-2019

Behandling:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet (valnemnda) si tilråding.

Vedtak:

Formannskapet vert valstyre for perioden 2017-2019. Valstyret får fullmakt i saker som omhandlar kommuneval og fylkes- og stortingsval.

003/2017: Servering- og salssløyve for Sjappen as 2017-2020

Behandling:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Vedtak:

1. Sjappen as (organisasjonsnr. 917656282) får tildelt serveringsløyve. Som vilkår vert det sett

- at verksemda melder i frå til det lokale Mattilsynet og har godkjenning frå Arbeidstilsynet.
2. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
 3. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
 4. Skjenkeløyvet gjeld i bygg på gnr. 24 , bnr. 295 for innandørs lokale på omlag 150m2, og for uteservering på terrasse (omlag 85 m2) i tilknytning til nemnde lokale.
 5. Som skjenkestyrar vert Jostein Rikstad godkjent med Svein Rikstad som stedfortredar.
 6. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
 7. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
 8. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
 9. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

004/2017: Disponering av fondsmidlar - årets nynorskkommune

Behandling:

Agnes Hoshovde Bernes (V) helsa nynorskdagane velkomen som eit "kuult" tiltak. Ho oppmoda kommunen til å inkludera ungdomsklubben og ungdomsrådet i dette prosjektet. Ho viste til at ein del ungdomar skiftar frå nynorsk til bokmål når dei kjem på vidaregåande skule.

Leif Taule (SP) ser det som viktig å styrka nynorsk språk i barnehagane, i tillegg til å bevisstgjera elevane i ungdomsskulen. Han viste til den vedteke målbruksplanen og oppmoda rådmannen om å få større fokus på skriftleg språkbruk mellom leiarane i kommunen. Han ønskjer også å involvera lag og organisasjonar i nynorskdagane.

Taule sette fram følgjande tilleggsframlegg:

I samband med nynorskdagane i Radøy vert det i tillegg sett av kr 10 000,- som lag og organisasjonar søkjer midlar frå til aktuelle tiltak for å fremja nynorsken.

Midlane vert henta frå nynorskfondet.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding, med tilleggsframlegg frå Leif Taule (SP) sett fram i møtet.

Vedtak:

Radøy kommune set av kroner 50 000 til gjennomføring av nynorskdagar i 2017. Midlane vert henta frå disposisjonsfond merka nynorskmidlar.

I samband med nynorskdagane i Radøy vert det i tillegg sett av kr 10 000,- som lag og organisasjonar søkjer midlar frå til aktuelle tiltak for å fremja nynorsken.

Midlane vert henta frå nynorskfondet.

Løyving til nynorskdagar i 2019 kjem opp som ei eiga sak i budsjettåret 2019.

005/2017: Drøftingssak - aktuelle samferdsleutfordringar Radøy kommune

Behandling:

Ordføraren orienterte om bakgrunnen for drøftingssaka om aktuelle samferdselsutfordringar og han oppmoda kommunestyret å finna fram til ei mest mogleg samlande løysing som kan sendast over til Nordhordlandspakken AS og til nabokommunane til uttale. Han peika på at det er større sjanse til å få noko til dess større semje det er.

Sivilingeniør Helge Hopen har på oppdrag frå Radøy kommune utarbeidd eit notat om Radøy sine moglege vegval vidare. Han presenterte vurderingane og tilrådingane sine i kommunestyret, og kommunestyret hadde ei lengre drøfting om behov og prioriteringar på samferdselssektoren.- Fv. 411 fra eksisterende

David Pletten Aasgard (KrF) meiner det i samband med ny fylkesvegen Marås-Soltveit er heilt avgjerande å få skikkeleg avkjørske til Sletta frå nye fv. 565 med i planen og i Nordhordlandspakken.

Pletten Aasgard sette fram følgjande tilleggsframlegg:

- Fv 411 frå eksisterande fv 565 til krysset på nye fv 565 må med i Nordhordlandspakken.
- Fv 411 frå krysset på ny fv 565 til Manger/Ishusflaten må med i Nordhordlandspakken.

Kenneth Taule Murberg (H) meiner det er fornuftig å trekkja "bru frå Radøy til Meland med tilførselsveggar" ut av Sambandet Vest og la det bli ein del av Nordhordlandspakken. Han fekk også avklara at han som styremedlem i Sambandet Vest AS har kommunestyret si støtte for å jobba for å trekkja ut "bru mellom Radøy og Meland - med tilførsleveggar" ut av Sambandet Vest.

Taule Murberg sette fram følgjande framlegg:

Radøy sin vegstrategi - med dei tillegga som kom fram i møtet (KrF og SP), blir oversendt Nordhordlandspakken AS og eventuelt nabokommunane for vurdering og uttale. Vidare blir det gjort ei konsekvensutgreiing av ein større auke av pakken.

Kvart vegprosjekt må nøye vurderast i eit kost/nytte-perspektiv og prioriterast i eit regionalt perspektiv.

Ordførarane i Radøy, Meland og Lindås får i oppdrag å søkja departementet om ytterlegare planmidlar til "bru mellom Radøy og Meland" frå regjeringa si tilskotsordning for kommunar som slår seg saman.

Taule Murberg sette fram følgjande sekundærframlegg:

Radøy Høgre ønskjer "bru til Bognøy", inklusiv tilførselsveggar, som ei "prioritet 1-sak".

Normann Sæbø (H) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Det må utarbeidast reguleringsplan for Sambandet Vest-prosjektet "bru mellom Radøy og Holsnøy med tilførselsveggar" samtidig med resten av prosjekta i Nordhordlandspakken.

Leif Taule (SP) er tilfreds med hovudlinjene som er trekte opp i notatet frå sivilingeniør Helge Hopen.

Taule sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Nytt strekpunkt under "Prioriterte samferdselsprosjekt - Prioritet 1":

- Utbetringstiltak fv 411 Tveiten-Haukås-Mellingen

Nytt strekpunkt under "Prioritet 2":

- Vegutbetring for fv 411 Tveiten-Haukås-Mellingen
Tillegg under "organisering - tilråding": - samt for Tveiten - Haukåsen - Mellingen

Ordførar Jon Askeland sa i si oppsummering at det har vore ein god debatt med realisme om kva som er mogleg å få til. Han peika på at det er viktig å ha planar klare for å få fylkeskommunale midlar til utbetringstiltak på t.d. vegstrekinga Kolstad-Manger-Bø-Soltveit.

Ordføraren sette på bakgrunn av debatten og forslag fram følgjande fellesframlegg til vedtak:

Formannskapet arbeidar vidare med saka og utarbeidar ei endeleg prioriteringsliste for tiltak på samferdselssektoren på bakgrunn av formannskapet si tilråding og med dei tillegg som vart sett fram i debatten i kommunestyret (KrF, H, SP).

Kommunestyret ber om at denne prioriteringa vert sendt til Nordhordlandspakken AS og til nabokommunane Lindås og Meland.

Kommunestyret gjev ordføraren fullmakt - saman med ordførarane i Meland og Lindås, til å senda søknad om ytterlegare planmidlar i 2017 for vegprosjektet Radøy-Holsnøy frå kommunereform-midlane.

Dei øvrige framlegga vart trekte.

Ordføraren sitt framlegg på vegne av kommunestyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Formannskapet arbeidar vidare med saka og utarbeidar ei endeleg prioriteringsliste for tiltak på samferdselssektoren på bakgrunn av formannskapet si tilråding og med dei tillegg som vart sett fram i debatten i kommunestyret (KrF, H, SP).

Kommunestyret ber om at denne prioriteringa vert sendt til Nordhordlandspakken AS og til nabokommunane Lindås og Meland.

Kommunestyret gjev ordføraren fullmakt - saman med ordførarane i Meland og Lindås, til å senda søknad om ytterlegare planmidlar i 2017 for vegprosjektet Radøy-Holsnøy frå kommunereform-midlane.

006/2017: Framføring av kommunalt vatn til Lilletveit

Behandling:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Søknaden om framføring av kommunalt vatn til Listveiten gjennom Mykingsvatnet til kum på Listveiten som grunneigarane kan kopla seg til, vert imøtekomen. Det er eit vilkår at fleirtalet av oppsitjarane på Listveiten inngår avtale med kommunen om å knyta seg til det kommunale vassverket. Kommunen ser positivt på at grunneigarane tek på seg kostnadene med grøfta opp frå Mykingsvatnet til kum på Listveiten. Arbeidet vert å starta opp snarast slik at anlegget vert ferdigstilt i 2017. Kostnaden med anlegget vert dekkja av løyvde midlar til vassverket i budsjettet for 2017.

007/2017: Endring av reglement for byggenemnd

Behandling:

Leif Taule (SP) gjorde det klart at Senterpartiet kan slutta seg til dei endringspunkta og merknadane som kjem fram i kommunal byggenemnd sin høyringsuttale.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Framlegg til reglement for byggenemnd vert godkjend slik det ligg føre, med dei to merknadane som byggenemnda har kome med.

Kommunestyret vedtok samrøystes ordføraren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Framlegg til reglement for byggenemnd vert godkjend slik det ligg føre, med dei to merknadane som byggenemnda har kome med.

008/2017: Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Radøy kommune - godkjenning

Behandling:

Kenneth Taule Murberg (H) meiner sjølvkost-prinsippet ikkje tilstrekkeleg blir lagt til grunn gebyrregulativet til teknisk forvaltning.

Murberg kom med følgjande framlegg til vedtak:

Radøy kommune iverkset tiltak som følgje av inntektsbortfall/lågare arbeidsmengde. Saka blir trekt med bakgrunn i uklar saksutgreiing og blir handsama på nytt i starten av 2018.

Gebysatsane blir vidareført uendra i 2017.

Rådmann Jarle Landås viste til at gebysatsane ikkje vart justert i fjor. Han oppmoda kommunestyret om å utsetja saka til neste møte, for å få ei utgreiing kring mellom sjølvkost-finansiering og grunnlaget for fastsetjing av gebysatsane. Rådmannen opplyste at det blir jobba med ei sak om oppfølging av ulovlege tiltak, som etter planen kjem til politisk handsaming i neste møte i formannskapet.

På bakgrunn av drøftinga i kommunestyret reiste ordførar Jon Askeland følgjande framlegg:

Saka vert utsett og kjem opp til ny handsaming i neste møte.

Kenneth Taule Murberg (H) trekte framlegget sitt.

Kommunestyret vedtok samrøystes ordføraren sitt utsetjingsframlegg.

Vedtak:

Saka vert utsett utsett og kjem opp til ny handsaming i neste møte.
